



Rikeleg med daut ved – frå kjerneområdet ved Vesle Digernes.

Foto: Øyvind Gammelmo

Tilråding om vern av Bandaksliane naturreservat

Kviteseid og Tokke kommunar

Fylkesmannen i Telemark, november 2018

INNHALD

1.	Framlegg.....	2
2.	Heimel	2
3.	Verneverdiar	3
4.	Andre interesser	5
5.	Trugslar mot verneverdiane.....	7
6.	Sakshandsaming.....	7
7.	Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.	8
8.	Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.....	8
9.	Lokal og sentral høyring.....	8
9.1.	Generelle merknader ved lokal og sentral høyring.....	9
9.2	Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring.....	9
9.3	Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene	9
9.4	Merknader til det føreslegne området.....	9
9.5	Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området	10

Vedlegg:

1 :	Framlegg til forskrift for Bandaksliane naturreservat.....	12
2 :	Framlegg til avgrensing av Bandaksliane naturreservat.....	15

1. Framlegg

Fylkesmannen gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Kviteseid og Tokke kommunar i Telemark fylke. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området det gjeld er:

Namn på reservat	Tal på eigarar	Kommunar	Totalt areal (daa)	Verneverdi
Bandaksliane naturreservat	8	Kviteseid og Tokke	12 049	** regional

2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategorien i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

”Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av arter og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneføreseigna regulerer vil taka vare på verneverdiane, og den bruken som vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

3. Verneverdiar

Bandaksliane er eit stort og samanhengande område med gamal skog som omfattar store delar av den skuggefulle nordvendte lia på sørsida av Bandak i Kviteseid og litt inn i Tokke kommune. Arronderinga er generelt god, men lengst aust er avgrensinga i høve til kjente naturverdiar dårlegare, då bare sentrale deler av lia her er med i tilbodet om vern. Bratt terreng, stor høgdegradient, fleire bekkekløfter og innslag av rik berggrunn gjev elles nokså stor variasjon i både skogtypar og vegetasjon. Verdiane i gamalskogen i området er grunna tidlegare kulturpåverknad dårleg utvikla for regionen og trekker verdien noko ned, men dei rikaste areala tek nå til å produsere ein del daud ved. På lengre sikt vil verneverdiane auka.

Artsmangfaldet er ikkje særskilt rikt samanlikna med områda på nordsida av Bandak. Likevel finst det ei rekke med krevjande arter langs lia, der fleire arter av lav og mosar som krev fuktig livsmiljø er av størst interesse. Størst arts mangfald finn ein i bekkekløftene og innanfor kjerneområda med rik edellauvskog og rik blandingsskog. Barlind, *Taxus baccata* (VU) er registrert i området, men finst ikkje innanfor nokon av

dei avgrensa kjerneområda. Alm, *Ulmus glabra* (VU) og ask, *Fraxinus excelsior* (VU) finns i fleire av lokalitetane der det er registrert rik edellauvskog eller rik blandingskog. Av vedbuande soppar som er registrert i området kan nemnast nordlig aniskjuka, *Haploporus odurus* (VU), ospelvitkjuka, *Antrodia pulvinascebs* (NT), rosenkjuka, *Fomitopsis rosea* (NT) og rynkeskinn, *Phlebia centrifuga* (NT). Desse soppene finst hovudsakeleg knytt til bekkekløftene og læger av gran.

Av lav kan nemnast fossefjelllav, *Fuscopannaria confus* (EN), blådoggnål, *Sclerophora farnacea* (VU), kort trollskjegg, *Bryoria bicolor* (NT), sprikeskjegg, *Bryoria nadvornikiana* (NT), skoddelav, *Menegazzia terebrata* (NT), hvithodenål, *Chaenotheca gracilentia* (NT), sukkernål, *Chaenotheca subroscida* (NT) og almelav, *Gyalecta ulmi* (NT). Éin raudlista moseart blei registrert; grønnsko, *Buxbaumia viridis* (NT). Rike parti har og potensial for krevjande markbuande soppar.

Bandaksliane vil oppfylle manglar i skogvernet (Framstad m. fl. 2002, 2003, 2010). Av generelle manglar kan nemnast låglandsskog og rike skogtypar i forholdsvis stor grad. På grunn av sin storleik må området seiast å vera eit storområde. Storområde i låglandet er sjeldsynte.

Av prioriterte skogtypar kan nemnast bekkekløfter, edellauvskog og boreal lauvskog.

Eit vern av området vil sikre eit stort areal med til dels store verneverdiar med mellom anna fleire bekkekløfter.

Området er vurdert til å vera regionalt verneverdig (**).

Verneframlegget er grunna på følgjande rapport:

Gammelmo Ø., Reiso S. 2017. Naturverdier for lokalitet Gullnes, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2016. NaRIN faktaark. BioFokus.

Weblink: <http://borchbio.no/narin/?nid=5935>

Føremål

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av sin storleik og på grunn av førekomst av prioriterte skogtypar som bekkekløfter, edellauvskog og boreal lauvskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggflora av lav og mosar.

Etter Fylkesmannen si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

4. Andre interesser

Planstatus for områda

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanane sine arealdelar.

Gamle vegplanar

Det finst eit planutkast frå 1988 for veg gjennom den delen av området som i dag er veglaust. På den veglause strekninga på om lag 12,5 km mellom eksisterande skogbilvegar frå Bandaksli i Tokke i vest og fram til Halvfarodden i Kviteseid i aust, er det laga eit utkast til veg. Dette må reknast som ei skisse og er ikkje del av noko gjeldande plan.

Traktorvegar

Det går nokre traktorvegar inn i området. Desse skal kunne brukast som i dag og kan haldast ved like med standard som på vernetidspunktet. Dei vil bli nemnt i verneforskrifta og skal visast på vernekartet.

Kraftutbygging

NVE har opplyst at Ånebubekken har kraftpotensiale

Tekniske inngrep

Det føreslegne verneområdet vert avgrensa av HRV i Bandak.

Det går ei kraftline tvers over Bandak til nord på Digernesnuten. Lina går deretter mot sørvest gjennom delar av det planlagde reservatet på gnr./bnr. 33/2 i Kviteseid.

Det har vore utvinning av kvarts ved Gulnes kvartsbrot, som ligg nede ved Bandak rett aust for bekekløfta Pipejuvet. Drift og utskipping av kvarts vart avslutta i 1980. Det står to bygningar på staden for utskipping. Anlegget med uttak og bygningar ligg på gnr./bnr. 33/2. Vernegrensa er sett slik at anlegg og installasjonar blir liggande på utsida av reservatet.

Det finst ei gruve og eit skjerp ved Gulnes på eigedom gnr./bnr. 33/2, og det er registrert ein mineralførekomst 50 m over Bandak (Bandak grube), ved Mosslidhytta på gnr./bnr. 33/136 i Kviteseid.

På eigedom gnr./bnr. 33/136 står ei hytte på Snaunesodden kalla Presthytta. På eigedomen Donstad, gnr./bnr. 26/1 i Kviteseid står ei hytte kalla Donstadhytta. Begge hyttene står ikkje langt frå strandlina i Bandak. Desse hyttene er lagt utanfor forslaget til verneområde.

Rundt Mosslidlytta på gnr./bnr. 33/136 vil det bli ei nærare avtalt ryddesone, då koia her står lenger frå Bandak. Stigen opp og pråmstøa skal kunne haldast ved like som i dag.

På eigedom gnr./bnr. 33/2 står det ei hytte kalla Ånebui ned mot Bandak. Her er det ei lita sandstrand og fint å legge til med kano. Hytta og eit areal omkring er lagt på utsida av verneframlegget. På eigedomen ligg og to staular. Det er Ragnhildstaulen øvst i lia mellom kløftene Moldskotet og Pipejuvet, der det bare står ei skogskoie. Den andre staulen er Gulnestaulen nede ved Gulnes. Dette er eit gammalt kulturminne der det er litt staulsvoll og ein bygning med uthus. Det går ein gamal hesteveg ned til eit pråmstø ved Bandak. Det er aktuelt å ha ei ryddesone rundt Ragnhildstaul, der ein kan halda ved like gamal kulturmark og elles skjøtte området som ein vil. Dette vil bli regulert i forskrifta.

Eit areal rundt Gulnesstaulen og noko areal ved Gulnespråmstøi ved Bandak, skal ligga utanfor reservatet. Den gamle hestevegen mellom stølen og pråmstøi skal kunne haldast open for bruk som i dag. Dette er teke med i forskrifta.



Fjellformasjonen har fått namnet sitt fordi den liknar på eit skip. St. Olavs Skip sett frå Bandak
Foto: Johannes Skarprud

Andre merknader

Øvst i lia på eigedom gnr./bnr. 26/1 ligg ein markert fjellformasjon kalla «St Olavs Skip». Sagnet seier at Olav den heilage gjekk på grunn med skipet sitt her då han reiste rundt og kristna landet. Sjølve «skipet» er ein hardare bergart enn det som ligg omkring. Sprekkdanning i bergartane, vatn og frost og har forma terrenget slik det ser ut i dag. Det var nedanfor her det gjekk eit stort ras i 1987. I nærleiken her ligg og store urer og blokkmark kalla Donstadskredin. NGU har i sommar sett opp skredvarslingsutstyr i området.

5. Trugslar mot verneverdiane

Planar om veg og skogsdrift kan i deler av området vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting vert ikkje sett på å vera noko trugsel i området i dag.

6. Sakshandsaming

Bakgrunn

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk og opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten "Evalueringen av skogvernet i Norge", laga av NINA og Skogforsk.

I meldinga blei friviljug vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Friviljug vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvern-mynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartleggje verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneføresegn og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er underteikna.

Konkret om området

Tilbod om friviljug vern av Bandaksliane vart motteke direkte frå ein grunneigar og gjennom AT Skog for dei andre i 2015. Naturverdiane vart undersøkte i 2016.

Melding om oppstart

Formell melding om start på verneplanarbeidet blei sendt 16. januar 2018. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Fylkesmannen framlegget til vern ut på høyring 6. april 2018 med frist 8. juni 2018. Det blei gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn fire fråsegner til lokal høyring og tre fråsegner til sentral høyring.

Vidare saksgang

Fylkesmannen sender, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera gjennomført forhandlingar og underskrive avtaler med grunneigarane. På grunn av knappe fristar vert tilrådinga denne gongen sendt før

forhandlingane er slutført. Dette vert gjort etter avtale med grunneigarane og Miljødirektoratet.

Direktoratet legg så saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Fylkesmannen får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørgje for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Fylkesmannen ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Øvre Telemark jordskifterett.

7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.

Det vert ikkje gjort framlegg om endring av namn på området. Når det gjeld avgrensinga av området er det gjort ei mindre endring på eigedom gnr./bnr. 24/2 lengst aust i området. Der er vernegrensa trekt litt inn for å få ein traktorveg lagt på utsida.

Det er og lagt inn på vernekartet nokre nye traktorvegar på gnr./bnr. 33/2 og 33/136 i Kviteseid.

8. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar.

Det er etter Fylkesmannen si vurdering ikkje trong for forvaltingsplan for dette området. Vernet vil ikkje føre med seg stor trong for oppsyn.

9. Lokal og sentral høyring

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Tokke og Kviteseid kommunar, Telemark fylkeskommune, Advokat Olav Felland, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar: Kviteseid JFF, Kviteseid Bondelag, Kviteseid skogeigarlag, Tokke skogeigarlag, Tokke JFF, Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Grenland friluftsråd, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Norsk Ornitologisk forening Telemark, NVE Region Sør, Statens vegvesen Region sør, Skagerak Energi AS, Telemark Bonde- og småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske forening, Telemark Orienteringskrets, Telemark Sau og Geit, Telemark Turistforening og Vest- Telemark kraftlag.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til: Landbruksdirektoratet, Kommunenes sentralforbund, Forsvarsbygg, Statens Kartverk, Stadnamnetenesta for Austlandet og Agderfylka, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Norges Geologiske Undersøkelser, NSB hovedadministrasjon, Bane NOR SF, AVINOR AS,

Luftfartstilsynet, Vegdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statkraft SF, Statnett SF, Norges Bondelag, Norsk Sau og Geit, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, NORSKOG, Norges Luftsportsforbund, Naturvernforbundet, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, WWF Norge, Den Norske Turistforening, Norsk Friluftsliv, Friluftsrådernes Landsforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite, Norges Orienteringsforbund, Norges handikapforbund, NHO Reiseliv, Natur og Ungdom, Norges Miljøvernforbund, Norsk Biologforening, SABIMA, Norsk institutt for biovitenskap, Norsk institutt for naturforskning, Biologisk institutt - Universitetet i Oslo, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi - NTNU, Vitenskapsmuseet - NTNU, Ringve botaniske have og Norges miljø- og biovitenskaplige universitet.

9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

9.2 Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

9.3 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene

Ingen kommentarar.

9.4 Merknader til det føreslegne området

Lokal høyring

Grunneigar Sverre Bakke (brev av 5.05.2018) har lagt fram utfyllande rapport om tilhøva på sin eigedom Gulnes gnr./bnr. 3372 i Kviteseid.

Advokat Olav Felland (brev av 26.4.2018) viser til at han i 2006 vart oppnemnd av Tokke kommune, formannskapet som medlem til ei interkommunal arbeidsgruppe Tokke/Kviteseid (sak 06/093). Arbeidsgruppa skal ta opp att arbeidet med vegsamband Kviteseid – Dalen langs Bandak. Han uttalar vidare at : *«Dette viser og at eg har hatt oppgåve frå Tokke kommune. På grunn av at det ikkje var oppnemnt nokon frå Kviteseid kommune, har det vore gjort lite i denne tida. Det kan likevel ikkje brukast som noko argument for at veginteressa ikkje har vore så stor. Dei fleste har rekna med at det vil koma ein veg på denne sida av Bandak før eller seinare. Det er særskjedeleg at ei framlegg om vern skal setje hinder for dette.»*

Statens vegvesen Region sør (e-post 29.05.2018) har ingen merknader til framlegget.

Tokke kommune, formannskapet (brev dagsett 07.06.2018) uttalar følgjande i sak nr. 18/23: «*Tokke kommune ynskjer ikkje at vernet skal omfatte området langs vegtraseen og ned til Bandak, langs ein mogleg framtidig veg frå Bandakslia i Tokke til Halvarsodden i Kviteseid.*»

Sentral høyring

Bane NOR (brev av 18.04.2018) har ingen merknader.

Statnett SF (e-post av 20.04.2018) har ikkje anlegg som er rørt av planane og har difor ingen merknader.

Forsvarsbygg (brev av 02.05.2018) har ingen merknader.

9.5 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området

Mindre språklege endringar og rettingar i forskriftene blir ikkje kommentert nærare. Større endringar og tilføyingar er vist i kursiv.

I rapporten frå grunneigar Sverre Bakke er det i hovudsak lagt fram opplysningar om skogfaglege data for hans eigedom. I tillegg er det informasjon om bygningar og installasjonar. Vi har ingen merknader til det som er lagt fram.

Når det gjeld uttalen frå Tokke kommune, så ynskjer ein ikkje vern på den delen av området som er omfatta av vegtraseen og ned til Bandak.

Skissa for vegtrase er lagt langs kote 100, dvs. om lag 30 m over strandlina på Bandak. Jf. fråsegn til melding om start av verneplan frå advokat Olav Felland i brev av 27.02.2018. Det er vidare opplyst at prosjektet omfattar tre tunellar på 460 m, 290 m og 300 m. I tillegg er det naudsynt med 15 bruer med 10 m lengde eller meir. Samla var kostnadene prosjektert til 42 mill. kr i 1988.

Det er ikkje nemnt noko om skredsikring, men det er opplagt at det i delar av området her er svært rasfarleg. Jf. raset i 1987. NGU har så seint som i juni i år på oppdrag frå NVE utført målingar, sett ut måleboltar og målestasjonar i området. Bygging av veg her vil med andre ord utløse store kostnader til sikring mot ras.

Mesteparten av Bandaksliane naturreservat ligg i Kviteseid kommune, men vi har ikkje motteke fråsegn frå Kviteseid kommune. Heller ikkje Telemark fylkeskommune har uttala seg om saka og Statens vegvesen Region sør har ingen merknader til saka.

Om ein i framtida skulle finna at «*omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt*» kan forvaltningsstyresmakta gjera unntak frå verneforskrifta etter § 8. Jf. naturmangfoldloven § 48.

Slik situasjonen er i dag, legg vi avgjerande vekt på at grunneigarane har kome med tilbod om frivillig vern slik det vart avgrensa i høyringa, og det er ikkje gjeve noko fråsegn i høyringa om at dei har endra syn på dette.

Fylkesmannen vil difor ikkje tilrå fleire endringar i avgrensing av Bandaksliane naturreservat, men gå inn for vern på heile det arealet som grunneigarane har gjeve tilbod om.

Konklusjon:

Fylkesmannen rår til at Bandaksliane naturreservat vert verna med dei endringane som her er gjort greie for og vidare med verneforskrifter og avgrensingar som vist i høyringa. Sjå vedlegga 1A og 1B.

Vedlegg 1 A:

Forskrift om vern av Bandaksliane naturreservat i Kviteseid og Tokke kommunar i Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av sin storleik og på grunn av førekomst av prioriterte skogtypar som bekkekløfter, edellauvskog og boreal lauvskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.:

Tokke: 145/4, 146/1

Kviteseid: 12/5, 24/1, 24/2, 26/1, 33/2, 33/136

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 12 072 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokkdatert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Kviteseid og Tokke kommunar, hos Fylkesmannen i Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Vedlikehald av bygningar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- g) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt
- h) Utsetjing av saltsteinar.
- i) Brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Drift og vedlikehald, og istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- k) Oppgradering og fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet når tiltaket ikkje nemneverdig skadar verneverdiane oppgjevne i verneføremålet.
- l) Vedlikehald av traktorvegar avmerka på vernekartet i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- m) Ryddesone rundt Ragnhildstaul på gnr./bnr. 33/2 og Mosslidhytta på gnr./bnr. 33/136 etter nærare avtale med forvaltingsstyresmakta.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
- b) Bruk av hest og kjerre og riding utanfor traktorvegar er forbode.

§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Reglane om ferdsel i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Naudsynt motorferdsel i forbindelse med akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det sendast melding til forvaltningsstyresmakta etter at oppdraget er utført.
- d) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 Unntak det kan gjevast løyve til

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdselsvegar.
- c) Hogst av etablerte plantefelt.
- d) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- f) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- g) Mellombels gjerding i samband med beiting.
- h) Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- i) Uttransport av felt elg og hjort med anna kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnt i § 6 andre ledd b.

- j) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f, h, j, k og l og § 7 a, c, d, f og g.

§ 8 Generelle reglar for dispensasjon

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

Vedlegg 1 B: Kart over området i A3 (sjå neste side)

